

Høydal Gard  
v/Kristine og Roy-Erik Helgås Høydal  
org.nr: 920045251  
Hydalsvegen 235  
5968 Sørbovåg  
Mail: hoydalgard@eninvest.net

Norges vassdrags- og Energidirektorat - NVE

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Middelthuns gate 29

0368 Oslo

Høydal 14.1.2026

#### **HØRINGSUTTALELSE: SAK NR. 202514846 – REG.NR. 9726 - SALBU PRODUKSJON**

Vi viser til NVE.no si oversikt over konsesjonssaker om søknad frå Salbu Produksjon AS, om tillatelse til regulering av Ramsgrøvatnet og vannuttak i Salbuelva.

Vi kjem med uttalelse som grunneigarar av Hydalsvegen 235/237, Gnr. 19/bnr. 1, som ein av 3 aktive gardsbruk (storfe) i Høydal. Alt vatn som kjem ned i Høydalsvatnet renn igjennom landbruksareal som blir disponert av bruka. Minimum 80% av alt vatnet som renn til Ramsgrøvatnet kjem ifrå gr.nr 19 Høydal.

Ved ein eventuell flaum, demmebrudd og/eller vegkollaps (høydalsvegen/Fv.607) blir alle i Høydal isolerte og viktig infrastruktur blir øydelagd over lang tid. Dette vil medføre store økonomiske konsekvensar for dei 3 gardsbruka og bebruarane i dalen (per d.d. 11 stk).

#### **Vi har følgjande spørsmål og krav:**

1. Blir det restreksjonar for utslepp frå gardsbruka og anna næring, eventuelt nye bustader/hytter som ligg ved vassdraget som renn ut til Ramsgrøvatnet? Det står ikkje beskrevet kva konsekvens t.d ei eventuell gjødsellekkasje vil kunne gje for den gjeldande gardbrukaren om noko slik skulle skje. Vi kan ikkje bli belasta med erstatning e.l om noko slik skulle skje. Det kan heller ikkje bli restriksjonar ved bruk av kunstgjødsel og plantevernmidler som blir nytta i jordbrukssamanheng.

2. Blir det restriksjoner for eventuelt å regulere vassdraget som renn til Ramsgrøvatnet - ved utbygging av vasskraft eller lignande i Høydal? På grunn av den store andelen av vatn som kjem ifrå Høydal kan ikkje prosjektet sette stoppar for eventuelle fremtidige prosjekt på gard 19 i Høydal.

3. Blir Høydalsbrua forsterka eller utvida? (lysopning). Ser på fig.6 att dammen skal ha eit overløp på ca.15-16 meter som er vesentleg større enn lysopningen på brua. Ved snøsmelting og flaum vil det bli større påkjenning på bru-kara (fare for utvasking).

4. Kjem Høydalsbrua til å tåle eit eventuelt demmebrudd? Ber om at dette blir fagkyndig kontrollert av uavhengig part.

5. Ved bygging av demme i Ramsgrøvatnet ved Høydalkrysset/brua inn til Høydal - Korleis vil utbyggar lage tilkomst frå eksisterande fylkesveg og lage snuplass? Her er det ikkje mykje plass å ta av og vi er bekymra for at dyrka mark skal bli råka av arbeidet.

Skal det gravast under brua? Kva då med stabiliteten til fundamentet til brua (bru-karet) ? Er dette kartlagt?

Det står ikkje beskrevet kvar og korleis dei skal legge om elva. Korleis vil dette påverke skuleruta, innbyggrane og bedriftene som nyttar Hydalsvegen? Det er viktig at arbeidet med demma ikkje kjem i konflikt med drifta av bruka inne i Høydal. Det må opparbeidast ein plan ved vegstenging på korleis ein vil løyse ei hurtigopning av vegen ved t.d akutt behov for helsehjelp eller veterinær og ved brann.

6. Kor mykje vil Ramsgrøvatnet bli tappa ned under utbygginga av demma? Kva med konsekvensen med utgliding av fylkesveg 607? (sjå bemerkning på pkt.8).

7. Kva Kote kjem underkant fundament på? Det må vel senkast under den kote for å få jobbe med fundamenta? Kva då med vegen rundt Ramsgrøvatnet, kan det bli utsklidning når vatnet blir senka so mykje?

8. Er det fare for at vegen rundt Ramsgrøvatnet, Fv. 607, kan få setningar/utglidningar ved oppdemming og senking av vatn?

Har Statens Vegvesen sett på den konsekvensen? Det har tidligare vert søkt om konsesjon om heving og senking av vatnet på 80-tallet, der vegvesenet ikkje godtok regulering på grunn av fare for utglidning av vegen. Til vår kjennskap er det ikkje blitt utbedra/gjort endringar på vegen i ettertid, så vi stiller spørsmål til kvifor ikkje dette er ei problemstilling per. d.d.

9. Er det riktig val at prosjektet har fått konsekvensklassen 1.? Burde ikkje prosjektet hatt konsekvensklasse 2.? Det er blant anna tatt med nokre konsekvenser ved brudd av demme, men det er ikkje tatt høgde for eller kartlagt kva konsekvens det har for dei 11 innbyggjarane i Høydal. Kva med helsehjelp ved akutt sjukdom, brann eller behov for nødslakt eller veterinær dersom brua eller vegen blir skadd slik at den ikkje er trygg å bruke.

Kva med fiberkabel som er festa i brukaret på brua inn til Høydal?

Kva med eventuell ispropp/isbrudd i Ramsgrøvatnet? Konsekvens for skade på bru inn til Høydal og konsekvens for innbyggjarar?

Er det tatt geologiske undersøkingar vedr. rasfare rundt Ramsgrøvatnet? I forbindelse med det aukande ekstremværet dei siste åra har det auka risikoen for ras generelt i vårt område, men det kan dokumenterast ei auka rastrend tett ved utløpet til Ramsgrøvatnet der demme er tenkt. Sist det gjekk eit større skred/ras var det naudsynt for vegvesenet å gjennomføre eit omfattande rassikringsarbeid på 607 ved Ramsgrøvatnet. Slik vi er kjent med er det ikkje tatt noko geologisk vurdering av området rundt Ramsgrøvatnet. Ber om at dette blir gjort før konsesjon blir gitt.

Bemerkningar til Pkt. 1.4.1. Bilde 4: Vi meiner at bilde 4 viser middels/normal vannføring og **ikkje høg vannføring slik utbyggjar beskriv**. Ved høg vannføring står elva heilt oppunder stokken på den gamle demma som ein ser på bildet.

Vi stiller spørsmål til beskrivelsen på nokre av bildene som er nytta til å beskrive vannføringa i elva. Vi meiner desse teiknar eit ukorrekt bilde av vannføringa når den er høg. Det er heller ikkje tatt med kva vassdraget ifrå Høydal bidreg med vassmengde til dette prosjektet.

Vi fekk etter synfaring 27/5-19 informasjon om at ein av eigarane og noverande styreleiar i Salbu Produksjon i 2018 var ansatt i Sweco, samstundes som rapport som vart nytta i søknad i 2018 vart laga av Sweco. Vi stiller spørsmål til habilitet.

Det stilles også spørsmål om kvifor vi i Høydal ikkje er blitt kontakta eller tatt med i konsekvensutredning. Er dette eit bevisst val for å komme klar ein del større utfordringar, større utgreiingar og begrensningar knytt til veg, bru, tilkomst ved utbygging, konsekvenser ved utslepp, ringvirkningar ved eventuel skade av kommunal veg og bru som berører fastbuande? Slik Salbu produksjon har framtrødd til no har vi ikkje mykje tillit til selskapet.

Etter synfaring 27/05-19 har vi heller ikkje fått svar på dei spørsmåla vi hadde etterpå innanfor fristen som vart sett.

På bakgrunn av det vi har beskrevet og påpeika i dette skrivet ber vi om at konsesjon for Salbu Produksjon avslås.

Med venleg helsing

Kristine og Roy-Erik Helgås Høydal

Grunneigarar bruk 19/1.

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland og Statens vegvesen